



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

KOPI

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 37
6861 Leikanger

Deres ref
2000/-03063/622.1 JTE

Vår ref
00/01948

Dato
05.04.01

OVERFØRING FRÅ INSTITUSJON TIL HYBEL

Vi viser til brevet Dykkar av 14. april 2000 og er leie for at saksbehandlinga har teke tid.

Når det gjeld barn som blir tekne under omsorg av barnevernet etter barnevernlova § 4-12, bestemmer § 4-14 kva plasseringsalternativ som er lovlege. Dette er fosterheim, institusjon som står på fylkeskommunen sin plan og opplærings- eller behandling sin institusjon når dette er nødvendig på grunn av at barnet er funksjonshemma. I dei tilfella det etter ei tid viser seg at plasseringa likevel ikkje fungerer tilfredsstillande for barnet, kan barneverntenesten flytte barnet med heimel i barnevernlova § 4-17. Det er ein føresetnad for slik flytting at det etter at plasseringa vart gjennomført, har oppstått uventa forhold som gjer flytting nødvendig, eller at flytting er til barnet sitt beste. Barnevernlova § 4-14 gjeld også ved plassering etter flytting.

Spørsmålet om overføring av barn plasserte etter § 4-12 til hybel, vart kommentert i departementet sitt brev av 10. september 1997. Der heiter det følgjande:

" Dersom en ungdom er plassert i institusjon etter barnevernloven § 4-12 og institusjonen oppretter et bo- og omsorgstiltak med hybel i et privat hjem, er dette etter departementets oppfatning å betrakte som et fosterhjem etter § 4-22 første ledd bokstav a). Kommunen vil således ha tilsynsansvar. Barne- og familiedepartementet vil for ordens skyld gjøre oppmerksom på at vi ikke oppfatter hybel hos støttefamilie (selv med tett oppfølging) som et plasseringsalternativ når det er truffet vedtak om omsorgsovertakelse etter barnevernloven § 4-12."

Det er med andre ord ikkje lovleg å flytte barn plassert i institusjon etter § 4-12 til bustad utanfor institusjonen dersom tiltaket ikkje kan definerast som fosterheim etter barnevernlova § 4-22.

Barn som er under omsorg av barneverntenesten, kan på same måten som andre barn ha

behov for å bu utanfor heimen, til dømes i samband med skulegang ein annan stad i landet. Det som er sagt ovanfor, er ikkje til hinder for dette. En føresetnad vil likevel vere at barnet sin omsorgsbasis, til dømes fosterheim, blir oppretthalde.


Om flytting av barn plassert i institusjon etter barnevernlova § 4-24, har departementet uttala følgjande i brev av 2. mars 2000:

” Etter departementets oppfatning er § 4-24 siste ledd til hinder for at barn flyttes fra et tiltak til et annet med mindre det følger av fylkesnemndas vedtak at slik flytting skal kunne skje. Dette må gjelde selv om flyttingen skjer til en annen avdeling i samme tiltakskjede. Det kan være store forskjeller på tiltak selv om de er etablert innefor samme tiltakskjede, bl.a. når det gjelder behandlingsmetoder, personalets kvalifikasjoner, klientsammensetning og rutiner. I tillegg kan institusjonens geografiske beliggenhet ha betydning for fylkesnemndas vurdering og vedtak, for eksempel med tanke på muligheten for gjennomføring av samvær med familie eller for å vanskeliggjøre opprettholdelse av kontakt med et belastet miljø. Dette innebærer at det forhold at fylkesnemnda vurderer et tiltak innenfor en tiltakskjede som egnet for barnet/ungdommen, ikke nødvendigvis innebærer at fylkesnemnda har funnet hele tiltakskjeden egnet. Slik departementet ser det, må det derfor klart fremgå av fylkesnemndas vedtak dersom flytting skal kunne foretas. ”

Vilkåret for plassering etter barnevernlova § 4-26 er at barnet har vist ” alvorlige atferdsvansker ” i form av alvorleg eller gjentatt kriminalitet, vedvarande bruk av rusmiddel eller på annan måte. På denne bakgrunn synest plassering på hybel som eit lite eigna behandlingstiltak. Det framgår dessutan klart av § 4-26 at plasseringsalternativet etter denne regelen er institusjon som går inn under § 4-24 første og andre ledd. Dersom ein ungdom plassert i institusjon etter § 4-26 ønskjer å bu ein periode på hybel som ein gradvis overgang til livet utanfor institusjonen, må tiltaket derfor heimlast på annan måte.

Etter § 4-4 femte ledd kan barnevernet formidle plass i fosterheim, mødreheim eller institusjon. Dersom det er fatta vedtak om institusjonsplassering etter § 4-4 femte ledd, kan ikkje barnet overførast til hybel. Foreldra og barnet, dersom det er over 15 år, kan likevel samtykke i at vedtaket vert oppheva. Barnverntenestelova opnar i § 4-4 andre ledd for at barnevernet kan ”bidra til at barnet fåranledning til å bo utenfor hjemmet. ” Barnevernet kan såleis hjelpe til med å skaffe hybel til barnet etter denne regelen.

Med helsing



Kari M. Ofstad (e.f.)


Tone Furuhoivde